



Utv.saksnr:	Møtedato:	Utvai:
16/68	16.06.2016	Kommunestyret

Arkivref: 2013/730 – 24
Saksbeh.: Olav Vehus, Skogbruksrådgjevar
Eining: Samfunn
Dir.tlf.: 37185215
E-post: olav.vehus@amli.kommune.no

Saksordførar: Sveinung Seljås

Endring av konsesjonsvilkår Kilandsfoss kraftverk AS - høyringsuttale.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:

Åmli kommunestyre vil gje følgjande uttale.

Ut frå eit samfunnsmessig syn vil Åmli kommune tilrå at dei omsøkte endringane av konsesjonsvilkår for Kilandsfoss AS blir innvilga.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET DEN 16.06.2016

Avrøysting:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET DEN 16.06.2016:

Åmli kommunestyre vil gje følgjande uttale.

Ut frå eit samfunnsmessig syn vil Åmli kommune tilrå at dei omsøkte endringane av konsesjonsvilkår for Kilandsfoss AS blir innvilga.

SAKSVEDLEGG GENERERT I INNKALLING:

- 1 Søknad om endring av konsesjonsvilkår Kilandsfoss kraftverk AS.
- 2 Avtale mellom Nidelv Padleklubb og Kilandsfoss kraftverk AS.
- 3 Kart padletrase og kart padletrase, kraftverk og dammar.

SAKSVEDLEGG SOM LIGG PÅ NETTSIDA:

Store saksvedlegg til saken blir lagt under "Politikk" og "Dokument og linkar til politisk arbeid" på kommunens nettside www.amli.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Høyringsbrev datert 02.05.2016

Avtale mellom Kilandsfoss AS og grunneigar Torleif Hegland.

Konsesjonssamtykke utbygging av Kilandsfossen dat. 14.03.2013

KORT OM SAKA:

Kilandsfoss Kraftverk AS fekk 08.03.2013 konsesjon på utbygging av Kilandsfolla. Selskapet søker om å få endra delar av konsesjonsvilkåra slik:

- Flytting av padletrase til eksisterande bekkeløp
- Endring av vannslepp i ny padletrase avgrensa til maks 15 m³/sek basert på ei senkbar luke.
- Bruk av vannkonto der slepp kan tilpassast padleaktiviteten.

Grunngjeving kulepunkt 1:

Vanskeleg av omsyn til tryggleik å anlegge eit kunstig padleanlegg i eit av hovedløpa som munnar ut nær kraftstasjonen.

Grunngjeving kulepunkt 2:

Nye utrekningar av flaum viser høgare flaumvassføring enn då konsesjonssøknaden var utarbeidd ville krevje andre løysingar enn opphaveleg planlagt – løysingar som anten er krevjande eller knapt mogeleg å gjennomføre.

Grunngjeving kulepunkt 3.

Justering av påslepp frå 25 til 15 m³/sek vil vere meir tilpassa behovet for padling i eksisterande bekkeløp. Saman med høve til å bestille vannslepp vil ein også kunne justere vassmengda slik at det står i rimeleg høve til dei som padlar.

Effekter av omsøkte endringar:

- Auka kraftproduksjon, anslagsvis 0,5 GWh
- Betre tilrettelegging for ulike grupper padlarar
- Meir attraktivt som turområde
- Auka tryggleik for padlarane
- Unngår tørrlegging av bekken heile tida.

Åmli kommune eig 1/3 av aksjane i Kilandsfoss kraftverk AS.

Høyringssvaret er gjeve av kommunen som forvaltningsorgan.

Høyringsfristen er 13.06.2016. Det er sakt om og innvilga forlenging av fristen fram til 17.06, på vilkår at administrasjonen leverer saksutgreiing og forslag til uttale til NVE innan ordinær høyringsfrist, dvs 13.06.

MERKNADER/VURDERING:

Dei omsøkte løysingane er nedfelt i omforeinte avtaler mellom kraftverket, grunneigar og padleklubben. Bak dette att ligg innspel frå fagorgan som NVE, der det blir peika på vanskar med å oppfylle alle vilkår i innvilga konsesjon.

Opparbeiding av ein bekk til padletrase og som det i konsesjonsvilkåra ikkje er sett vilkår om vassføring i må ut frå eit landskapsmessig synspunkt oppfattast som berre positivt. Rett nok ønsker tiltakshavar og brukar åpning for å bearbeide traseen både over og under vatn, likeeins på sidene. Men då gjerne med bruk av materialar som fortel litt historie kring vassdraget, slik som stein brukt i murar ved tømmerfløtning.

Det blir håplaut å beskrive i detalj utforming av anlegget. Med den kunnskapen avtalepartane sit på –tiltakshavar som eigar og driftsansvarleg for kraftanlegg og brukar som stiller krav til padlinga vil det i sum gje eit resultat som få eller ingen kan måle seg mot.

Tiltakshavar skisserer også bygging av gangbru/tilskodarbru tvers over bekkeløpet. Det i seg sjølv er beste garantien for at estetiske omsyn vil bli tatt ved utforminga.

Ved sluttbehandlinga av konsesjonssøknaden frårådde både NVE og departementet bygging av kunstig padleanlegg. Departementet peika i tillegg på at det ville bli dyrt å bygge og drifte slikt anlegg og at det ikkje låg føre finansiering for prosjektet. Einaste som låg i vilkåra var slepp av 25 m³/sek i tida 01.06 og 31.08 mellom kl 09.00 og 20.00.

I den omsøkte endringa av konsesjonsvilkår er finansieringa av anlegget sikra gjennom ei avtale mellom tiltakshavar og padleklubben.

Det er bra at dei som representerer ulike interesser i vassdraget kan bli samde om ei løysing som begge sider ser seg tent med og kan leve med. Vidare at dei har blitt samde om å tilpasse og variere sleppet i takt med behovet brukarsida har.

Om det er nye måtar å tenke på, teknologiske framsteg eller ein kombinasjon kjenner ein ikkje til. Uansett er det positivt, og ein håper at tilsvarande tilpassing kan takast i bruk også i andre saker og for å ta vare på omsyn som ein i vannforvaltningsplanane arbeider for å oppfylle.

Så må ein heller tåle at i enkelte tilfelle kan det bli eit visst tap av produksjon og ekstra anleggskostnader og ikkje alltid slik som her at ein vinn produksjon – rett nok med ein ekstra prislapp på grunn av tilrettelegging for padling.

Ut frå det som er nemnt ovanfor og ut frå eit samfunnsmessig syn vil ein tilrå at dei omsøkte endringane av konsesjonsvilkår for Kilandsfoss AS blir innvilga.